
Kulturpolitikk fram mot 2014 - Kulturmeldinga

Pressekonferanse 29. august 2003



Siktemål

- Trekkja opp hovudlinjene for dei kulturpolitiske prioriteringane fram mot 2014

Struktur

- Del I: Viktige utviklingstrekk i samfunnet generelt og innanfor dei respektive kunst- og kulturområda spesielt
- Del II: Den faktiske verkemiddelbruken på kulturområdet i dag – lover, forskrifter og andre retningslinjer, økonomiske innsatsar, organisatoriske, informative og kontrollerande verkemiddel
- Del III: Prioriteringar og tiltak i det komande tiåret

Overordna perspektiv

- Kulturens eigenverdi
- Globalisering og individualisering
- Tradisjonelle førestellingar om det norske og nasjonal identitet endra
- Fremma kulturelt mangfald
- Internasjonal kulturutveksling
- Marknadsøkonomiske krefter - kultur og næring
- Forholdet mellom det frie feltet og institusjonane

Prioriteringar og tiltak

- Allmenne utviklingstrekk og endringar innanfor dei respektive kunst- og kulturområda har skapt nye utfordringar som krev nye ressursar i det komande tiåret
- Dels vil det dreia seg om å dekkja opp tiltak som er presenterte i tidlegare dokument som Stortinget har slutta seg til, dels er det tale om nye prioriteringar

Musikk

- Utvida tilskotsordninga for musikkensemble
- Fleire musikarar til symfoniorkestra i Bergen, Kristiansand, Stavanger, Trondheim og Tromsø
- Betra vilkåra for musikkfestivalar gjennom auka rammer for festivalstøtteordninga i Norsk kulturråd
- Utvida innkjøpsordninga for fonogram

Musikk

- Prioritera kyrkjemusikken gjennom ei eiga tilskotsordning
- Styrkja grunnlaget for folkemusikken og folkedansen
- Videreutvikla spele- og møtestader for jazzmiljøa

Scenekunst

- Gi større armslag for den frie scenekunsten, særleg moderne dans
- Stegvis styrkja Den Norske Opera og utvikla distrikts- og regionopera
- Prioritera institusjonar med særleg god ressursutnytting og dei små institusjonane som har høge turnékostnader

Scenekunst

- Desentralisert formidling gjennom turnear og gjestespel
- Riksteatret som formidlar av oppsetjingar produsert av andre
- Stimulera til transmisjonar gjennom insentivordning
- For å skapa større rom for fleksibilitet i scenekunst-institusjonane, må desse kontinuerleg vurderer eigen organisasjon og kostnadsstruktur

Film m.m

- Vidareføra hovudstrukturen i den omlagde filmpolitikken frå 2001
- Auka midlane til utvikling av interaktive produksjonar (spel) på norsk

Biletkunst m.m

- Utvikla det nye Nasjonalmuseet for kunst
- Styrkja utvekslinga av samtidskunst mellom Noreg og utlandet
- Leggja til rette for nye kunstuttrykk
- Estetikk i dei fysiske omgjevnadene vil framleis vera eit prioritert område

ABM

Følgja opp St meld. nr. 22 (1999-2000) *Kjelder til kunnskap og oppleving*:

- Vidareføra museums-reforma
- Rusta opp Nasjonalbiblioteket
- Styrkja arkivfeltet

Språk

Følgja opp *St.meld. nr. 9 (2001-2002) Målbruk i offentleg teneste:*

- Verna og styrkja norsk språk, slik at bokmål og nynorsk kan bestå som fullverdige bruksspråk i alle delar av samfunnslivet inn i det nye informasjonssamfunnet
- Leggja til rette for eit samspel mellom offentlege og private aktørar for å fremma likestilling mellom målformene også i teknologibasert språkproduksjon og språkkommunikasjon

Litteratur

- Vidareføra innkjøpsordningar og eit godt biblioteknettverk
- Byggja ut innkjøpsordninga for sakprosa
- Betra rammevilkåra for utgjeving av litteratur på nynorsk gjennom auka tilskot til Det Norske Samlaget
- Styrkja arbeidet med produksjon og formidling av litteratur til synshemma

Kunstnarane

- Styrkja ordninga med arbeidsstipend
- Vurdera innretning og kriterium for garantiinntekta
- Administrativ forenkling av stipend og garantiinntekter

Kulturbygg

- Dei nye spelemidlane til kulturbygg vil vera eit viktig verkemiddel for å dekkja udekte investeringsbehov
- Erstatta gjeldande støtteordning for tilskot til lokale og regionale kulturbygg med to nye ordningar:
 - ei desentralisert ordning for tilskot til kulturhus (40% av spelemidlane)
 - ei ordning for tilskot til regionale møteplassar og formidlingsarenaer (60% av spelemidlane)

Økonomiske og administrative spørsmål

- Som ledd i arbeidet med omstilling, modernisering og fornying av offentlig sektor, er krava til stram styring og kostnadseffektiv drift eit hovudspørsmål
- Det er likevel nødvendig med ein gradvis auke i dei statlege løyvingane til kulturformål
- Ingen konkrete tilvisingar om i kva omfang eller i kva budsjettår opptrappingane skal skje. Dette må handterast i dei årlege statsbudsjetta

Kulturpolitikk fram mot 2014 - Kulturmeldinga

Pressekonferanse 29. august 2003

